

Aasen i dag

Den som
ikkje vil halda
Fred, fær hava
Ufred.



Tilskippingar

Konsert i Vangskyrkja

Sommarkonsert onsdag med Oda H. Voltersvik.

Akkordeonfestival på Voss

Nordaccordion held fram med Najonalromantisk fest på Stalheim Hotel og elevkonsert i Bakka kyrkje i dag. Vidare fleire konsertar til og med fredag.

Voss Folkemuseum

Baking ved Voss bygdekvinnelag fredag.

Stølshelg i Undredal

Bryggjedans og stølshelg i Undredal fredag og laurdag.

Sommarutstilling

i Galleri 19, Uttrågata 19, open laurdagar.

Aurlandsmarsjen

vert arrangert søndag.

Bergslitræet

har ope kvar søndag.

Sommar på Sævelid

startar søndag kveld med konsert med Knut Hamre og Jonas Laupsa, Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell.

Olskokkonsert i Eidfjord

Konsert søndag kveld i Eidfjord Gamle Kyrkje med Benedicte Maurseth og Inger-Kristine Riber.

Tivoli ved Voss Camping

Torsdag til søndag.

Seniortur til Rivedalen

I regi av Voss Utferdslag søndag.



TILHENGARE: Mie Miki hadde mange tilhengarar blant publikum som hadde venta på å høyra ho slå seg laus på accordionet.

Japansk opning i Osasalen

Det var internasjonalt snitt over opningskonserten på NordAccordion.

► OLE BULL AKADEMIET

NordAccordion skal gå over heile veka, der det blant anna vert konsertar i Vangskyrkja og på Stalheim Hotel.

– Sjølv sagt måtte det bli på Voss. Det var fyrste tanken min. Accordion er eit prominent instrument her på Voss. Eit mekka for accordion, seier strendingen og akkordeonisten Geir Draugsvoll som fyrst fekk idéen til å halda festivalen på Voss.

Til dagleg er han professor og undervisar i akkordeonspel ved konservatoriet i København. Han heldt opningstale i Osasalen før musikarane tok over.

– Olav Ullestad ville vore stolt over å sjå at hans ynskje er komme til liv. Det er han som planta tanken og lét den spira for mange år sidan, seier Draugsvoll

medan han minnest den gamle læraren.

Fleire sjangrar

Festivalen opnar opp for mange nye sjangrar innan accordion.

– Det er folkemusikk, moderne, og sjølv sagt med djupe røter i det klassiske, seier Draugsvoll.

– Eg vil òg takke støttespelarane våre, utan dei hadde me ikkje klart å få dette til. Ole Bull Akademiet og Voss spelemannslag skal spesielt ha ein takk. Dei arrangerer me og saman med, fortel Draugsvoll.

Jo Asgeir Lie, rektor ved Ole Bull Akademiet spelte åtte låtar for publikum. Han spelte for det meste eigenkomponerte melodiar.

– Han er utruleg viktig i den norske folkemusikken. Han har halde mange konsertar rundt om i verda og har mykje eigenkomponert materiale, seier Draugsvoll.

Huldreslått

Ida Løvli Hidle er ein av Noregs fremste utøvar på accordion. Ho er moderne, men allsidig og med ein fot innan jazz og folke-



STEMNING: Det var godt med folk som tok turen til Osasalen for å få med seg opninga av accordionfestivalen.

musikken. Ho spelte blant anna Huldreslått av Trygve Brøske og bruremarsj frå Sørfold.

– Dette blir ein bra og spennande festival, seier ho.

Heilt til slutt var det Mie Miki sin tur, og det var mange blant publikum som var spente på å sjå og høyra akkurat ho. Miki er opphavleg frå Japan, men har budd store delar av livet i Tysk-

land. Ho entra scena, sette seg ned på ein tripprappstol og gav publikum seks melodiar på accordion før ho forsvann ut igjen.

– Ho har gjeve ut mange plater, halde konsertar over heile verda og er ein veldig populær professor, seier Geir Draugsvoll.

► **Katrine Nordanger Mjelde**
knm@avisa-hordaland.no

Bach og tango i heftig blanding

Kvifor ikkje blanda Bachs meir enn 250 år gamle musikk med argentinsk tango? Kanskje må ein vera Per Arne Glorvigen frå Dovre øvst i Gudbrandsdalen, og spela det argentinske tangoinstrumentet bandoneon for å tenkja ein slik tanke.

► KONSERTMELDING



Glorvigen Trio
Vangskyrkja, 23. juli

Resultatet av denne tanken kom i albumet «El arta de la fuga y del tango» som kom ut i 2016. Albumet har fått strålende kritikkar, og var utgangspunktet for konserten som Glorvigen Trio spela i Vangskyrkja måndag kveld.

Konserten var ein del av festivalen NordAccordion som går føre seg på Voss denne veka. Glorvigen, som er rekna som ein av dei fremste i verda på tangotrekkspelet bandoneon, hadde

med seg dei tyske musikarane Daniela Braun på fiolin og Arnulf Ballhorn på akustisk bass.

Heftig

For å seia det slik, det vart ein heftig konsert! I fyrste delen av konserten veksle trioan saumlaust mellom Bachs vakre og melodiske musikk, og dampande sensuell argentinsk tango framført av glitrande musikarar med stor speglede. Med ein uanstrengd virtuositet fekk dei om lag 100 framfotte ei oppvising i korleis både Bach og argentinsk tango kan spelast.

For tango er ikkje enkel musikk å spela, i alle fall den tangoen som vart framført i Vangskyrkja. Både harmonisk og melodisk er tangoen påverka av jazz, og det vart innimellom improvisert slik jazzmusikarar gjer.

Samspel

Det er godt å høyra musikarar som spelar så komplisert musikk med slikt samspel som Glorvigen Trio. Braun har ein varm og litt mørk klang i fiolinen som passar som hand i hanske til den argentinske tangoen – og til Bach.

Ho spelar med ein intensitet og sensualitet som gjer dette til ei flott musikkoppleving. Glorvigen spelar sitt bandoneon med ein kraft og energi som ein ikkje skulle tru kunne koma ut av eit så lite instrument. Han fekk tonar ut av instrumentet som denne meldaren ikkje viste fanst der. Og Ballhorn på bass batt det heile saman slik at summen vart ein strålende konsert.

► **Bjørn Sandnes**
bsa@avisa-hordaland.no